



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Ber om tilleggsopplysninger for rehabilitering av gbnr 47/129

Søknad om byggeløyve er mottaken her 13.06.2017 samt supplering 28.06.2017.

### Søknad om løyve til tiltak etter § 20-1 i plan- og bygningslova

Søknaden dykkar er gjennomgått og før saka kan behandlast vidare må følgjande verta ordna:

- Ufullstendige rømningsveggar
- Feil slagretning på dører i hovudrømningsveg
- Ufullstendige teikningar

Søknaden dykkar er gjennomgått og før saka kan behandlast vidare må følgjande verta ordna:

Teikningar må oppdaterast slik at dei stemmer overeins med terrenget, spesielt gjeld dette 4. etasje/festsal samt G410 klasserom 20. Eventuelle trapper opp/ned frå scene må og komme klart fram på teikningane. Ut frå teikningane kan det sjå ut til at det ikkje er samsvar mellom teikningar og brannkonsept, med tanke på rømning. Ref brannkonsept – Voss Gymnas, rehabilitering hovudbygg kap. 11-11, 11-12 og 11-14.

Slagretning på dører frå festsal gjennom G404 stemmer ikkje overeins med brannkonseptet, då ei av dørene slår feil veg. Tilsynelatande kan det og sjå ut til at det manglar ei dør frå festsal og inn til G404.

Teikningar må oppdaterast i henhold til brannkonsept/bygning.

Ein gjer merksam på at saka ikkje vert behandla inntil ovanfor nemnde er brakt i orden, og at lovfesta fristar gjeld ved komplett innlevert søknad/begjæring til kommunen.

Med helsing  
Voss kommune  
Byggesak

Jonny Rokne

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:  
HENT AS

Mottakar:  
Hordaland fylkeskommune

